

Referat frå FAU 31.03.14

FAU, Sund ungdomsskule 13-14

FAU- møte, 31.mars kl. 1830. REFERAT

Saker:

1.

- skuleturar på 10. Trinn, info frå rektor om organisering, prisnivå og anna aktuelt i forbindelse med turane.

- Halgeir informerer, tur i år i juni, etter eksamen. No er betalingsfrist gått ut, turen kostar 2300,- i år. (det er ikkje ok å ta betalt, seier rektor),

- foreldre spør om turen, og skulen organiserer turen. For at det skal bli tur, må 2/3 delar av elevane på trinnet vera med, er det sagt dette året.

- Bør ein starta på 8. Trinn å spa/samla pengar til turen? Vert turen meir lovleg om ein jobbar dognad?

- Kven skal ta initiativet til å samla pengar? Skulen el foreldra? Det vert informert på høsten i 8.kl, ein må ta det som ein jobb for klassekontaktane.

Ta info ut til klassane, spesielt på 8. Og 9. Trinn, kva skal gjerast, kva kan gjerast, kor skal det reisast?

Det skal helst ikkje seta nokon heima for det er for dyrt. Ein bør gjerne spørja seg kva som er gjøye, Risøya el Voss....

Det vart ingen konkludering her, men det var ein diskusjon og mange gode poeng kom fram. Så klassekontaktar, ta dette ut til klassane dykkar!

2.

- Skulen, behov for utbetring og utbygging for å kunne ta imot komande elevkull. Info frå rektor om arbeidet med dette.

- frå og med skuleåret 15-16 vert det for få rom på skulen. Det må gjerast noko med det, og det er sett ned ei gruppe for å sjå på kva som skal gjerast. Halgeir informerte om kva som er gjort, og kva som skal gjerast fram mot sommaren.

Gruppa jobbar godt og aktivt, formannskapet skal behandle sak om dette i mai.

3.

- Rus, kva informasjon får elevane? Korleis er det med rusmiljøet i Sund for tida?

Monika Mørk frå førebyggjande avdeling hos politiet kom og informerte og snakka med oss om dette.

- Monika kom, ho snakka om kva dei-politiet, informerer elevane om på dei forskjellige trinna. Dei er aktive på 8. Og 9. Trinn kvart år, og på 10. Trinn etter behov og ved førspurnad.
- På 8. trinn er det hovedvekt på kriminalitet og egne grenser ved seksualitet.
- På 9. Trinn er det hovedvekt på rusmidler og rus.
- Monika sa og noko om situasjonen i Sund, med tanke på rus og misbruk. Det er ikkje eit stort miljø, og det er mest rus i aldersgruppa over 18. ungdomsskule-alder er det alkohol unggdommane i Sund testar, det er det intrykket Politiet si førbyggingsgruppe set med.

Polititet er tilgjengeleg for skulen, når skulen treng det/vil det.

Når dei er på skulen, i forskjellige ærend, snakkar dei godt med ungdommene og byggjer tillit og viser at dei er tilgjengelege for alle.

Monika Mørk er tilgjengeleg for dei som vil ha kontakt, har spørsmål, har tips, treng hjelp eller vil prate litt J

Ho er å treffen på tlfnr: 40038145.

4.

– eventuelt:

Sølvi informerte om:

- mot sin meistringsdag er 8. April alle 7.klassingar er inviterte til arrangementet, og alle lærarar i Sund er invitert til foredrag på ettermiddagen same dag.

- det ligg no info på FAU si fane, på ungdomsskulen si heimeside, om kva ein skal gjere og når ein skal møte når ein skal vera vakt på skuleballa.
- Vedtekter for FAU vert gjort klare til neste møte, det vert sendt ut forslag på førehand, så kan vi vedta vedtekter på møtet.

5.

– ta info ut til din klasse, frå desse møta, alle kan lesa på skulen si heimeside.

Referent Sølvi Bakke, 45229853.